

Møteinnkalling

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Møtestad: Telefonmøte
Dato: 12.04.2019
Tidspunkt: 09:00

Velkommen til styremøte nr 2 for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 2019. Møtet blir avvikla på telefon.

Oddmund Klakegg har meldt forfall. Eventuelt anna forfall må meldast snarast til forvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Vel møtt!

Med vennleg helsing
Sekretariatet for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 9/19	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 10/19	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 11/19	Orienterings- drøftings- og referatsaker		
ST 12/19	Jostedalsbreen nasjonalpark - sak - endring av fasade på sel på Erdalssetra/Storesetra - g/bnr 22/3		2019/8555
ST 13/19	Jostedalsbreen nasjonalpark - støttebrev til Nortind Fagskule i Sogndal		2019/8070
ST 14/19	Jostedalsbreen nasjonalpark - klagehandsaming - xxxxxxxxxxxx - Nordisk Film og TV AS	X	2019/5602

ST 9/19 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 10/19 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar

ST 11/19 Orienterings- drøftings- og referatsaker



Arkivsaksnr: 2019/8555-0

Sakshandsamar: Maria Knagenhjelm

Dato: 04.04.2019

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyret	12/19	12.04.2019

Jostedalsbreen nasjonalpark - sak - endring av fasade på sel på Erdalssetra/Storesetra - g/bnr 22/3

Innstilling frå forvaltar

I medhald av verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark, punkt 1.3, første ledd, gir nasjonalparkstyret med dette løyve til Ingunn Nytnun for endring på selet til Gnr/bnr 22/3, på Storesetra, i Stryn kommune.

Løyvet til endring av selet gjeld på følgjande vilkår:

- Kledninga på selet skal bytast ut, men skal framleis være liggjande, slik som i dag. Materialet kan være ubehandla/grånande, eller mørkt brunt, liknande dei andre sela på setra. Kledninga kan godt ha ulik breidde, men skal *ikkje* være av typen villmarkspanel.
- Vindauga som skal bytast ut må ha same storleik og plassering som dei gamle, det store vindauget skal ha småruta sprosser.
- Døra i fjøsen kan flyttast til austveggen, og det skal ikkje være vindauge i døra.
- Eit nytt, lite glas kan setjast inn på vestveggen fjøsen, jf. skildring i søknaden.
- Muren kan rehabiliterast på same grunnflate og storleik, og framleis være forblenda av den opphavlege tørrmura gråsteinsmuren.

Alt avfall skal fraktast ut av nasjonalparken. Reint, ubehandla (umåla) trevirke kan brennast i omnen i selet. Material som trengs til tiltaket skal lagrast forsvarleg, og det som ikkje vert brukt skal fraktast ut att av nasjonalparken. Dette byggjeløyvet gjeld til og med år 2020. Rapport og bilete vert sendt nasjonalparkstyret ved avslutta prosjekt.

I medhald av verneforskrifta punkt 4.3 gir Jostedalsbreen nasjonalparkstyret løyve til lågtflyging og landing med helikopter på Storesetra på følgjande vilkår:

- Inntil ti hiv/landingar med helikopter med det føremål å frakte material, verktøy og utstyr inn til setervollen i samband med byggeprosjektet, og til frakt av avfall ut att.
- Flyginga skal ikkje skje på laurdagar, søndagar, heilagdagane og på offentlege feriedagar grunna omsynet til friluftslivet.



- Flyginga kan gjerne kombinerast med andre transportoppdrag til Storesetra som gjeld frakt av material, utstyr, proviant inn til setra, søppel ut frå setra, eller liknande, men skal halde seg til det løyvde talet turar.
- Dagen før planlagt flyging skal Statens naturoppsyn v/ Anne Rudsengen (tlf 95 96 38 88) eller underteikna varslast pr. sms eller telefon.

Flygeløyvet gjeld like lenge som byggjeløyvet.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Søknad med skisser og bilete frå Ingunn Nytnun motteke på e-post den 20. april 2019.
- Telefonsamtalar mellom Ingunn Nytnun og nasjonalparkforvaltar ved fleire høve.

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark
- Lov om bevaring av naturens mangfold (naturmangfoldlova)
- Forvaltningsplan med tilhøyrande kart for Jostedalsbreen nasjonalpark, frå 1994

Søknaden

Ingunn Nytnun søkjer om omfattande vedlikehald og endring av selet tilhøyrande gards- og bruksnummer 22/3 i Stryn kommune. Søkjar har nettopp overteke/kjøpt gard nede i dalen og vil ruste opp selet tilhøyrande garden. Selet med fjøs ligg på Erdalssetra/Storesetra i Erdalen.

Selet er av ukjent alder og er på gjennomsnittleg storleik som dei andre sela på setra (sjå bilete). Søkjar ønskjer å byte ut all kledning, byte ut eitt småruta vindaug og eitt glas, samt døra. I 2012 vart taket skifta grunna skadar etter stormen Dagmar. I søknaden står det at *No ser vi oss nøydde til å skifte den utvendige kledinga og skifte ytterdør og glas. Dette er eit heilt nødvendig vedlikehald for at selet ikkje skal forfalle totalt. Vi ynskjer å bevare mest mogleg av det originale.*

Planane våre for fjøsen er som fylgjer å rive ned denne, og setje opp ny i same stil. Fjøsen har vore dårleg, og det er ikkje mogleg å få denne i god nok stand utan at ein riv den ned. Vi ynskjer difor å mure opp og rehabilitere gråsteinsmuren rundt. Deretter bygger vi opp som tidlegare. Vi ynskjer å setje døra mot aust (no mot vest) på fjøsen grunna snøforholda, då det legg seg mykje snø framfor denne døra på vinterstid. I tillegg ynskjer vi å setje inn eit lite glas på fjøs mot sør (sjå teikning). Dette for å få lys inn i fjøsen.

Søkjar og forvaltar har hatt telefonkontakt undervegs i søknadsprosessen. Ingunn Nytnun søkjer om helikoptertransport for frakt av material, og ønskjer å setje i gong arbeidet ila våren når forholda tillet det. Ho vil samarbeide med Harald Berge, som også har løyve til arbeid på selet sitt frå nasjonalparkstyret (styresak 18/18 frå 23.05.2018), samt med beitelaget/grunneigarlaget som skal i gong med vøling av brua nedanfor setra om koordinering av helikopterferdsla. Søkjar har ikkje fastsatt tal hiv med helikopter, men ut i frå tilsvarande prosjekt legg forvaltar opp til ei ramme på ti flygingar. Dette kan ev utvidast delegert.



Oversiktsbilde av Storesetra i Erdalen, der det omsøkte selet med fjøs er påpeika under den blå pilen. Selet er det første ein passerar når ein kjem til setra.



Skisse for planlagt utsjånad etter riving av gamal og oppsetting av ny kledning, utskifting av vindauget med småruta glas og ny rute i fjøsveggen mot sør. Biletet er frå dagens tilstand.



Skisse til venstre og dagens utsjånad til høgre. Ingen større endringar er planlagt her, berre utskifting av glas, dør og kledning. Fjøs døra er planlagt flytta til denne sida, jf. søknaden.



Skisse av fjøsen, der dagens dør (på skissa) er planlagt flytta til kortveggen til venstre. Heile fjøsen skal takast ned for å utbetre muren, og deretter byggjast opp på same grunnplan.

Lovgrunnlag

I verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark står det i § IV, punkt 1.1: *Landskapet er verna mot alle inngrep, mellom anna oppsetting av bygningar (...)*. I punkt 1.2., første strekpunkt står det: *Reglane er ikkje til hinder for at eksisterande bygningar og anlegg m.v. kan haldast ved like i tråd med byggjeskikken på staden, men ikkje endrast, byggjast om eller utvidast, (...)* Punkt 1.3, første strekpunkt, seier at *Forvaltningsstyresmakta (...) kan når særlege grunner ligg føre gje løyve til å byggje, ombyggje, utvide eller endre bygningar m.m som nemnd under punkt 1.2. Bygningane skal vere i tråd med tradisjonell byggjeskikk på staden og tilpassast landskapet i området, (...)*.

Motorferdsle er i utgangspunktet forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsle for blant anna transport av material til hytter m.m., jf. verneforskrifta pkt. IV, 4.3 andre strekpunkt. I tråd med verneforskrifta pkt. IV, 4.3 skal fylgjande leggjast til grunn for vurdering av



søknaden: «Før eventuelt løyve vert gjeve skal trongen for transport vurderast mot moglege skader og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsla til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast.»

Stølsmiljøa i Jostedalsbreen nasjonalpark er ein viktig del av landskapsbiletet, og tiltaket skal difor også vurderast etter dei «miljørettslege prinsippa» i §§ 8-12 i naturmangfaldlova (nml.), jf. nml. § 7, og føremålet med nml. (§ 1): «Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern (...)».

Vurdering

Med grunnlag i verneføremålet for Jostedalsbreen nasjonalpark er det viktig å leggje til rette for god ivaretaking av stølsmiljøa, som til dømes på Storesetra. I forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark er retningslinja for kulturminne og bygningar omtala slik: «Hindre at kulturminne og verdfullt kulturlandskap vert øydelagde av inngrep og slitasje. Dersom det er ønskjeleg skal verdfulle kulturminne, kulturlandskap og bygningsmiljø i Jostedalsbreområdet takast vare på gjennom restaurering.»

Søklar ønskjer å setje inn ei lita glasrute i kortveggen på fjøsen. Forvaltar har vurdert at det er såpass mange andre fjøs på Storesetra som har tilsvarende lite glas i fjøsen, til at denne endringa likevel er i tråd med byggeskikken på staden. Fordi fjøsen ikkje har tømmerveggar, men enkel kledning, så er det heller ikkje eit stort inngrep i bygningen. Tilsvarende vurderer forvaltar at å flytte fjøsdøra til kortveggen heller ikkje vil ha stor påverknad på byggeskikken i stølsmiljøet, då andre fjøs har liknande løysing.

Forvaltar oppmodar rutinemessig alle søkjarar å søkje Norsk Kulturminnefond.

Kunnskapen om kulturmiljøet og kulturlandskapet rundt stølane er høgt, og forvaltar er godt kjent på Storesetra (jf. nml. § 8). Ein føresetnad for å oppretthalde kulturlandskapet er at stølsområda er i bruk. Det er difor viktig å halde ved like bygningane for å oppretthalde kulturlandskapet (jf. nml. § 8). Vilkåret i forskrifta om at alle endringar på bygg skal være i tråd med byggeskikken på staden, vert vurdert av forvaltar såleis til å være oppfylt. Det er likevel viktig at muren ikkje vert endra. Det skal framleis være tørrmura naturstein som skal være synleg på fasaden, slik som det var opphavleg.

Tiltaket er ikkje venta å føre til belastning på økosystemet (jf. nml. § 10), utover den aktiviteten knytt til stølsmiljø som det er ynskjeleg å ha for å oppretthalde kulturlandskapet. Jamfør nml. § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar, bør det setjast vilkår om at eventuelt behandla (målt, beisa, impregnert, m.m.) trevirke, og anna avfall som blir til overs, skal fraktast ut av nasjonalparken, og at det ikkje skal liggje att materiale eller anna utanfor selet etter at arbeidet er gjennomført. Reint, ubehandla trevirke kan brukast som brensel i selet. Kostnadane ved miljøforringelse er lite aktuelt i dette tilfellet (jf. nml. § 11).

Den samla belastninga av støy og uro frå helikopter vil vere merkbar i byggjeperioden, men forvaltninga vurderer dette som tolbart i ei avgrensa periode (nml § 10). Tilsvarende prosjekt har planlagt fem turar inn om våren og fem turar ut ila hausten. Søklar er veldig oppteken av å gjennomføre helikoptertransporten før kyrne kjem på beite for sommaren, elles kan det oppstå stor uro på kyrne. Det er eit mål i Jostedalsbreen nasjonalpark å holde nivået på den



motoriserte ferdsla så låg som mogeleg. Det er veldig positivt at fleire av byggeprosjekta som har behov for helikopter samordnar seg, slik at den samla belastninga blir minst mogeleg.

Søkjjar skriv at dei ønskjer å gjere arbeidet våren 2019. Forvaltar set frist til utgongen av 2020 i tilfelle vêr – eller andre forhold skapar forseinkingar i arbeidet. Om det blir trong for fleire hiv med helikopter, kan søkjar melde dette inn til forvaltninga i god tid før planlagt flyging, så kan utviding av tal hiv vurderast med delegert mynde.



Arkivsaksnr: 2019/8070-0

Sakshandsamar: Bente Støa

Dato: 04.04.2019

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	13/19	12.04.2019

Jostedalsbreen nasjonalpark - støttebrev til Nortind Fagskule i Sogndal

Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre sender følgjande støttefråsegn til NORTIND:

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har fått informasjon om mogleg etablering av Norges Høgfjellskule i Sogndal. Saka vart drøfta i styremøte 12. april. Nasjonalparkstyret ser positivt på ei slik etablering, og meiner at Sogndal peikar seg ut som ei svært god lokalisering av følgjande grunnar:

- Sogndal har sentral plassering i høve til fleire nasjonalparkar og andre større verneområde: Breheimen, Jotunheimen og Jostedalsbreen nasjonalparkar, med tilhøyrande verneområde.
- Det er eit sterkt fagmiljø ved forvaltingsknutepunktet i Gaupne, med kontorstad for fire nasjonalparkforvaltarar og to SNO-tilsette med tilknytning til verneområda nemnde over.
- Nasjonalparkar og andre større verneområde blir i stor grad nytta til aktivitetsturisme som brevandring, klatring, toppturar og enklare turar til fots eller på ski.
- Nasjonalparkane skal kunne nyttast til verdiskaping, i tråd med føringar gitt i merkevarestrategien for *Norges nasjonalparker*, der vi skal ønskje fleire: «*Velkommen inn!*»
- Det er ein føresetnad for auka bruk av verneområda at bruken ikkje skal gå ut over verneverdiane. Dette krev god kunnskap om nasjonalparkane og forvaltninga. Framtidige tindevegleiarar kan verta nøkkelpersonar i samband med dette, og god dialog med nasjonalparkforvaltninga kan bidra til dette.
- Gjensidig informasjonsutveksling vil gi forvaltninga god kjennskap til korleis tindevegleiarane og deira grupper ynskjer å bruka områda, men også annan relevant informasjon dei observerer når dei er ute i områda (områdebruk frå andre interessegrupper, vertilhøve, osv.)



- Tindevegleiarane kan vera gode ambassadørar gjennom formidling av naturverdiane og evt. særskilde omsyn som bør takast.
- Nærleiken til fleire nasjonalparkar i regionen rundt Sogndal kan vera positivt, ved at ein kan få ein tett dialog med utdanningsmiljøet for tindevegleiarar. Gjennom dette kan ein bidra til at elevane får god kunnskap om nasjonalparkar og berekraftig reiseliv og verdiskaping i tilknytning til dei verna områda. Forvaltarane og tilsette i Statens naturoppsyn kan vera ressurspersonar på dette området.
- Areal som ligg i Jostedalsbreen og Breheimen nasjonalparkar i Luster har normalt stabilt gode snøtilhøve, og har vore mykje nytta frå tidleg vinter og utover våren siste åra, både for toppturar på ski, men også i samband med kursverksemd og anna friluftslivsundervisning.

Det er allereie ein god dialog mellom nasjonalparkforvaltninga i knutepunktet i Gaupne og friluftsstudiet ved Høgskulen på Vestlandet i Sogndal, og nasjonalparkforvaltarane har saman med forvaltar/oppsyn i Luster kommune/SNO i fleire år hatt med seg studentar ein dag i felt der ein har formidla kunnskap om verneområda og forvaltninga.

På bakgrunn av dette meiner Nasjonalparkstyret at det samla fagmiljøet i Sogndal, med utdanningsinstitusjonane og fleire guideselskap drivne av tindevegleiarar i regionen, har dei beste føresetnadene for å gje kunnskap om berekraftig bruk av nasjonalparkane, gjennom sin nærleik til fagmiljøet for nasjonalparkane og til varierte lokalitetar for praktisk opplæring i alle typar aktivitetar.

Saksopplysningar

Nortind jobbar med å etablere ein fagskule i fjellføring. I denne prosessen er Sogndal og Sogn og Fjordane eitt av to alternativ til lokalisering. Åndalsnes er det andre alternativet. I Sogn Og Fjordane har Fagskulen Sogn og Fjordane (FSF) gjeve ein lovnad om at dei kan etablere ei eiga avdeling i Sogndal til Nortind fagskulen.

I denne prosessen har arbeidsgruppa til Nortind med tilhald i Sogndal bedt nasjonalparkstyra om å komme med støttebrev til etablering av Nortind Fagskule i Sogndal. Støttebrev er meint for Nortind styret og for bruk i ein søknad i Fagskule-fondet for ny etablering av fagskuletilbod.

Vurdering

Forvaltninga meiner at ein lokalisering av ein ny fagskule i fjellføring i Sogndal er ideell både med tanke på at det ein sentral plassering i høve til fleire nasjonalparkar og større verneområde, og fordi dei vil bli ein del av eit velutvikla fagmiljø i Sogndal med sterke aktørar som Høgskulen på Vestlandet, Sogndal vgs., Vestlandsforskning, Sogndal Folkehøgskule, Visit Sognefjord, Sogndal klatresenter og Innovasjon Norge. Det er også eit sterkt fagmiljø ved forvaltningsknutepunktet i Gaupne, der fire nasjonalparkforvaltarar og to SNO-tilsette held til.



Nasjonalparkane våre blir i stor grad nytta til aktivitetsturisme, noko som vi er positive til, så lenge bruken ikkje går ut over verneverdiane. Dette krev god kunnskap om nasjonalparkane og forvaltninga og vi ser at ei etablering av ein fagskule for fjellføring i Sogndal kan være eit positivt bidrag i kontakten mellom forvaltninga og fjellturismen.

Vi er sikre på at Nortind og nasjonalparkforvaltninga vil få ei gjensidig god nytte av kvarandre og at ei lokalisering av Nortind i Sogndal vil kunne bidre positivt til å formidle verneverdiar ut til reiseliv og turistar.

